

Føretaksmøte 16. januar 2018

# Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

## Val av styremedlemmer og fastsetting av styregodtgjering



---

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 16. januar 2018 kl 09.15 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Teatergata 9, Oslo.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21
- Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

### Frå styret møte

Styreleiar Terje Vareberg

### Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

### Også til stades

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum  
Avdelingsdirektør Kai R. Furberg  
Seniorrådgjevar Rune Pedersen

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, og møte ved:

Jørn Simensen

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Han spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Terje Vareberg og helse- og omsorgsminister Bent Høie blei valde til å skrive under protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Etter lov om helseforetak § 24 vert styremedlemmene valde for to år. Sitjande styremedlemmer vart valde i januar 2016. Styra i helseføretaka har både styremedlemmer valde av eigar og styremedlemmer valde av dei tilsette. Styremedlemmene som er valde av eigar vert valde i samsvar med lov om helseforetak § 21, tredje ledd.

Inntil ein tredel av styremedlemmene skal veljast av og blant dei tilsette, jf lov om helseforetak § 22, jf vedtektene § 8. Dette inneber at det skal veljast tre medlemmer av og blant dei tilsette ved første ordinære val.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i det norske samfunnet. Det er viktig at styremedlemmene har kompetanse som reflekterar oppgåvene styret har og dei utfordringane dei regionale helseføretaka står føre. Styremedlemmene skal som styremedlem ikkje representere geografiske område, parti eller andre interesser. Det er viktig at styret samla sett representerer eit mangfald og ei breidde som dekkjer heile regionen.

Styret som kollegium og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2. Styremedlemmer som er av den oppfatninga at dei kan vere inhabile skal gjere styret merksam på dette. Styret tek avgjerda utan at den aktuelle styremedlemmen deltek i avgjerda.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Frå i dag og fram til det vert halde føretaksmøte i januar 2020 vert følgjande personar valde av eigar til medlemmer i styret for Helse Vest RHF:*

Einar Strømsvåg  
Tone Berntsen Steinsvåg  
Gunnar Berge  
Olin Johanne Henden  
Sigurd Kolstrup Hille  
Katrine Trovik

*Føretaksmøtet vel Einar Strømsvåg som styreleiar og Tone Berntsen Steinsvåg som nestleiar.  
Føretaksmøtet minner om at styret som kollegialt organ og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2.*

## **Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd**

Det vart gjort greie for forslag til fastsetting av styregodtgjering for styremedlemmer, varamedlemmer og revisjonsutval. Styra er etter lov om helseforetak pålagt å etablere revisjonsutval. Oppretting av andre underutval bør avgrensast til tilfelle der sakene si kompleksitet og omfang krev det.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Styregodtgjering for styremedlemmer i Helse Vest RHF vert fastsett til:*

<i>Styreleiar</i>	<i>263 000</i>	<i>kr</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>176 000</i>	<i>kr</i>
<i>Styremedlemmer</i>	<i>128 000</i>	<i>kr</i>

*Varamedlemmer (for styremedlemmer vald av og blant tilsette) får ei godtgjering på kr 4 900 pr møte.*


*For medlemmene i revisjonsutvalet vert det fastsett følgjande honorar:*

<i>Revisjonsutvalets leiar</i>	<i>34 000</i>	<i>kr</i>
<i>Revisjonsutvalets medlemmer</i>	<i>17 000</i>	<i>kr</i>


*Praksisen med at det ikkje blir gitt økonomisk kompensasjon eller dekning av kostnader utover fastsett styregodtgjering, blir vidareført.*

Møtet vart heva kl 09.20

Oslo, 16. januar 2018



Bent Høie



Terje Vareberg